

Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget
for Haugesund og bygdene

1966


Tonngaren i Karmsund

Av N. H. Tuastad

I «Hus og gard i Karmsund» av Reinhard Huglen, Haugesund Museum, årshäfte 1945 - 50, er s. 84 nemnt *tonngaren*, ei nemning ein kunne finna på ein og annan garden i Karmsund om ein lokalitet i eller ved tunet som ein leiving frå gamal tid. Huglen rekna opp 9 matrikkelgardar der tonngar-namnet framleis levde. Dette talet var resultat av nærmast tilfeldige opplysningar, og det skulle vera grunn til å tru at ei nøggjare gransking kring i bygdene ville auka talet og gi eit større tilfang om ein ville prøva finna ut kva tonngaren var. Det var ei oppgåva som det fall naturleg for oss å gå saman om. Eg hadde nett då eit liknande arbeid føre meg på Karmøy, så det var lageleg å spurja folk kring på gardane om tonngaren med det same. Me var samnde om at Huglen skulle publisera materialet når så langt kom; men midt oppe i dette arbeidet fall han uventa og brått i frå på ei granskingsferd til ein av tonngarane på Karmøy som han ville studera nærmare på staden. Om lokalhistorikaren Reihard Huglen kan det i sanning seiast at han fall på sin post. Det kvilde då på meg å leggja fram materialet. Eg gjer det i djup vørnad for min gode ven og medarbeidar.

* * *

Me har spurt opp 32 tonngar-namn som lever i tradisjonen, og som — med eitpar undtak — folk ennå kan peika ut. Ein av dei har me og funne i skrivne kjelder, og der har me og funne 3 som det nå ikkje finst tradisjon om. Resultatet er betre enn me hadde venta. Serleg gjeld dette Karmøy, der me har funne kring to tridjepartar av alle tonngar-namna. Det er påfallande korleis me finn dei mest i dei ytre bygdene med den største tettleiken sør og vest på Karmøy og på øyane utanfor,



Kart over tonngar'ar i Karmsund. Tala samsvarar med rekkefylgja i teksten.

Utsira og Røvær. Det er nok så at Karmøy er best granska; men det kan likevel ikkje vera einaste årsaka. Materialet seier oss at her finst tradisjon om fleire tonngarar ute i sjøbygdene enn i dei indre bygdene i Karmsund. Det lyt leggjast til at utanom Karmsund skrivardøme har me ikkje gjort planlagde etterrøkjingar. Materialet vert i det fyljande lagt fram heradsviis etter den prenta matrikkelen, og me har nytta heradsnamna og gardsnummer før kommuneinndelinga 1965.



*Tonngaren på Stava ligg på framsida (vestsida) av gardsbusa på bnr. 14.
Han rekk ut or biletflata t.v.*

SKUDENES HERAD

1. Stava, gnr. 21.


Tonngaren er eit avgrensa område på nordvestsida av det nåverande tunet og ligg på bnr. 14, eigar 1952 Didrik Nilson Stava, som gav opplysningane og synte staden. Mot aust er tonngaren avgrensa av ein steingar som før var bøsgaren; på austsida av han var utemark, hadde faren fortalt. Før gjekk det og ein gamal steingar aust-vest og delte tonngaren frå heimehusa. Tonngaren låg på heimebøen; men som nemnt grensa han før til utemarka og var avgrensa av steingar i minsto på to sider. Ein bergknaus inni tonngaren heiter Smørfat. Der låg før ein rullestein som dei kunne snu rundt som ein snurretopp, fortelst det. Bakkehallet inni tonngaren opp til den gamle bøsgaren heiter Riste. Ei flat sletta 2-3 hundre meter vestanom tonngaren heiter Skjellmeiene. Der var etter bisp Neumann, Urda II s. 214 f. 12 gravhaugar, 3 trikanta steinsetningar m.m. i 1839. Nede ved sjøen er ei vel 40 m lang hustuft, oppmælt av Jan Petersen 1923.

2. Ferkingstad, gnr. 22.

Grannegard til Stava gnr. 21. Tonngaren ligg i det gamle tunet. Didrik J. Ferkingstad synte meg staden i 1952, eit nærmast firkanta jordstykke på bnr. 19, eigar Ola Halvorsen, på vestsida av vegen ned til hamnen, inngjerda med steingar. Namnet er kjent av alle eldre på garden; men der finst ingen tradisjon om kva han var brukt til. Ferkingstadtunet med tonngaren ligg attmed og i nokon mon på det førhistoriske tunet, «kongsgaren» omtala av Neumann i Urda II. Resten av ei tuft grov Jan Petersen ut i 1923 og tidfeste til folkevandringstid. Ved sjøen vestanfor tunet er tuftene til 2 langskipsnaust og båthamn. Midt i Ferkingstadtunet ligg ein stor gravhaug, og her er gjort funn frå merovingertid og vikingetid. Då eg i 1964 var på staden og spurte Ola Halvorsen, då 80 år, om lægjet til tonngaren, sa han at dei gamle sa *tonngarene*, så han meinte der munne vore to eller fleire og hadde skyna det slik at dei strekte seg nordvest frå husa til dei gamle førhistoriske tuftene. Johanne Ferkingstad, 80 år, og granne til Ola, meinte at tonngaren strekte seg frå vegen og opp til løa hans Ola. Tradisjonen tykkjest såleis vera noko uviss når det gjeld lægjet til tonngaren her.



Tonngaren på Ferkingstad, ligg på bnr. 19



*Sandhåland. Tonngaren med tonngarsteid'n i forgrunnen framom steingaren.
Gamletunet låg kring den prikka firkanten.
Den gamle vegen til Skudenes gjekk framom tunet midt på biletet.*


3. Sandhåland, gnr. 30.

Det gamle tunet på garden låg nede på «sa' en» som er ei stor sand-sletta kring ei breid, open vik. Den gamle vegen mellom Skudenes og Åkra gjekk her nede like framom tunet, der murane til gardshusa ennå ligg uskipla. Tonngaren er ei avgrensa sletta like ved, men utanom tunet. I tonngaren ligg ein svær stein som dei kallar «tonngarsteid'n», og han er og kalla «gongarsteid'n». Austom tonngaren ligg Stiglingeberg, som er eit bratt brot med ei ur under. Attom Stiglingeberg ligg Høgestøl. Der gjekk bøsgaren i si tid, og han er flutt austover gong på gong. Nedanfor Høgestøl ligg Stølslettå. Oppå berget sørom tuftene til gamletunet ligg Middagssteid'n. Når dei frå gamletunet såg sola over Middagssteid'n, var det middag, fortel Johan Hansson Sandhåland etter gamle folk. Det var han og Laurits Erikson Sandhåland (Langhei) som var heimelsmennene våre i 1952. Om tonngaren visste

dei ikkje noko å fortelja. Heimebøen på Sandhåland låg i teigblanding til 1949, då var det utskifting. På «sa'en» er to store åkrar. I den eine, noreåkeren, var der til 1949 ti teigar med like mange eigarar. Åkrane på «sa'en» var aldri attlagde. Dei har vore open åker så lenge nokon nålevande veit om og er det ennå.

4. Sandve, gnr. 32.

Tonngaren ligg like ved riksvegen på austsida av denne og kring 100 m austom det gamle tunet, som var eit stort klyngetun, ein heil «landsby» heilt til utfluttinga tok til i 1903. Olaus Ellingsen flutte husa sine or tunet og bort i tonngaren, fortel Johan Eliassen Sandve f. 1866. Han var heimelsmannen vår i 1952. Stølsvegen frå tunet gjekk litt nordanom tonngaren, og attmed stølsvegen ligg «'an gofar», ein stor stein som er flat oppå. Når dei kom frå stølen, var det skikk å slå ein mjølkeskvett på steinen. «Me må la 'an gofar få litt mjelk», sa dei. Sørrom tonngaren er eit bratt brot som heiter Løgaberg. Der finst ingen tradisjon om sjølve tonngaren.



Tonngaren på Sandve med gardshusa til Olaus Ellingsen.



Syretunet. Tonngaren ligg heilt t.v. i forgrunnen bakom løene.

5. Syre, gnr. 38.

Syretunet har ennå i 1952 svip av stortun. Fem brukarar med stovehus og uthus bur samla her. Stovehusa ligg mest alle i rekkja med glassida mot vest. Uthusa ligg i rad i den smale gata gjennom tunet. Tonngaren ligg bakom uthusrekkja, kring 30 m nordaust for tunet. Der er dyrka åker. Då dei braut opp der, fann dei stein og vister etter gamle tufter, fortel heimelsmannen vår, Ludvig P. Syre, fødd i tunet 1895. Dei nåverande husa i garden er mest alle frå tida 1840-50. Ludvig meiner at eit hus vart flutt or tonngaren kring 1800 og eit i 1858. Før utskiftinga i 1872 var tonngaren sams eiga for garden. Der var gjerde kring han, og dei slepte hestane der i matyktene når dei hadde dei i bruk, såleis når dei køyrde torv.

6. Øvre Risdal, gnr. 41.

Tonngaren ligg på bnr. 1 oppe i bakkehallet ovanom gardshusa. Tonngaren er nå berhage. Der var svært med stein før dei rudde, og dei fann potteskår der tidfest til eldre jernalder. Ovanfor tonngaren

eit stykke ligg «toptedne». Det var gamle hustufter. Dei fann to kvernsteinar der då dei rudde. Der var og ein gravhaug med gravrom i. Haugen vart opna kring 1850. Om bruken av tonngaren finst ingen tradisjon, berre namnet lever.

7. Hillesland, gnr. 48.


Eldre folk på garden kan fortelja at der var ein stad dei kalla tonngaren; men staden er gløymd. Anna Eliasdr. Hillesland sa i 1952 at tonngaren var ein stad på Salane (bruksnamn), hadde ho høyrte; men meir visste ho ikkje.

8. Skitnadal, gnr. 52.

Tonngaren ligg på bnr. 3, nytt bruksnamn Holmgard, austanfor vegen. Det er ei sletta like bakom (vestom) gardshusa, og ho er inngjerd med steingar. Ovanom tonngaren er ein høg berghamar som heiter Innebrekk. Bøsgaren gjekk her. Her er ingen tradisjon om kva dei brukte tonngaren til. Ut mot Karmsundet er ei stor, brei og steinfull halvøy, Neset, med gravhaugar og nausttufter. Her finn me dei sjeldne namna Nesjarvarden og Mongershabn.

9. Dale, gnr. 54.

Gardshusa var samla i eit tun og er det i stor mon ennå. Tonngaren ligg bakom, vestanom husa. Han ligg til bøsgaren, og Andreas Dale, ein av heimelsmennene våre i 1952, meiner at tonngaren rekk utanom bøsgaren og. Frå «niståvå», som er midt i tunet nå, går ein gil opp i tonngaren. Bøsgaren bøyer seg ned gjennom tonngaren som ein noko breidare, utvida gil. Men det området dei kallar tonngaren strekkjer seg utanfor denne gilen både på sørsida og nordsida, meiner han. På nordsida er tonngaren avgrensa av ein steingar som går frå stovehuset i «oppiståvå» og vest til bøsgaren. Lars Dale i «oppiståvå» peika ut det innhegna markstykket som rekk frå våningshuset hans til bøsgaren som tonngaren. Han meinte og at der var ein tonngar på sørsida av den



Tonngaren på Dale.

breide gilen. Derimot rekna han ikkje sjølve gilen til tonngaren. Dei gamle slapp grisene i tonngaren. Konene på garden avtala alltid på førehand kva dag dei skulle sleppe dei i tonngaren.

10. Tjøstheim, gnr. 55.

Garden er grannegard med Dale. Husa på garden har vore samla i eit større tun; men berre eitt bruk, nr. 6, har husa sine ståande i gamletunet nå. Tonngaren ligg like utanfor dei nåverande gardshusa på bnr. 6 og er eit heller flatt engstykke hallande opp i mot bøsgaren nordvest for husa. Der er grind, og frå den går det gil ned til tunet. Inni tonngaren står ein gamal jordkjellar (potetkjellar). Der var frå gammalt av kjelda. Den luten av tonngaren som ligg nærast husa, kalla dei gamle «svina-tonngaren», fortel heimelsmannen vår, (1952) Ole Tjøstheim, som eig bnr. 6. Han meiner denne var delt frå resten av tonngaren med ein steingar. Attom den var det ein teig dei kalla berre tonngaren, og øvst oppe mot bøsgaren ein mindre inngjerd teig dei



*Tjøstheim. Tonngaren er sletta mellom dei to næraste steingarane.
T.b. gid'l frå tunet opp til bøsgaren.*

kalla «losa-tonngaren» avdi han hørde til «losajorå», nåverande bnr. 4 og 5.

ÅKRA HERAD

11. Munkajord, gnr. 4.

Heime i garden på Munkajord var ein stad dei kalla tonngaren, fortalde Ragnhild (Ragla) Simonsen Munkajord, f. 1867, i 1952. Nærmare opplysningar kunne ho ikkje gi, og tradisjonen må såleis seiast å vera uviss. Andre av dei eldste på garden har ikkje kunna stadfesta det Ragnhild sa. På Munkajord er og namnet «kollgaren» (kålgarden), eit åkerfleck som låg der handelslaget sin filial nå er, opplyser Lars Munkejord. Det er mogeleg at Ragnhild har blanda desse to namna saman; men ho tykte ikkje vera i tvil då ho svara på vårt spørsmål.

12. Tjøsvoll, gnr. 13.

Rasmus Josefson Tjøsvoll synt meg tonngaren i 1952. Han ligg i bakkehallet frå dei austre husa på garden og ned til Tveitvatnet.



*Tonngaren på nera Liknes rekk frå sjøen opp til løene og til steingaren t.v.
Løa til «Garen» t.v. og løa til «Huse'» t.h.*

Riksvegen går tvers gjennom tonngaren. Det gamle tunet på Tjøsvoll låg truleg oppe i bakken på vestsida av riksvegen. Nokon tradisjon om bruk finst ikkje lenger; men namnet er ennå i bruk i 1965. Der gardsvegen munnar ut i riksvegen nett nordanom samlingshuset på Tjøsvoll er det ein haldeplass for Karmøyruta. Denne haldeplassen ligg i *tonngaren*, og folket på garden kallar han det. «Me springe' ner og tar bussen i tonngaren», kan dei seia.

13. Liknes, nera, gnr. 20.

Tonngaren ligg på bnr. 22, eigar 1952 Ola H. Liknes, som er heimelsmannen vår. Dei to nørdeste bruka på nera Liknes ligg nord i enden på garden og har gardshusa ståande ved sjøen i skiftet med øvra Liknes. Til dagleg kallar dei desse to bruka «garen» og «huse'». Dei har løene sine ståande sida om sida. Tonngaren ligg mellom dei to løene

og stranda og er den einaste tonngaren me kjenner som går til sjøen. I vest har tonngaren naturleg avgrensing i ein bergvegg. Nordaust for tonngaren ligg Tonngarshoien. I tonngaren stod stovehus og løa, tuftene syner ennå. Det gamle tunet på nera Liknes låg på den flate sletta ustom tonngaren føre utskiftinga. Ved Tonngarshoien er gamle nausttufter. Om bruk av tonngaren finst her ingen tradisjon.

STANGALAND HERAD

14. Sunnstokkå, gnr. 1.

Tonngaren ligg på vestsida av vegen nær det gamle tunet; men dette ligg på austsida av vegen. Namnet er knytt til ein bakke. Eit noko flatare stykke oppe i bakken heiter Grøvedne, og toppen, med små rudningsrøyser og eit gamalt garfar, heiter Kollhaug. Nedst i tonngaren er ein gamal jordkjellar (potetkjellar); men her er elles ikkje vister etter hus. Sunnanfor tonngaren var der ein gamal åker som dei kalla tonngarsåkeren; men han låg ikkje i tonngaren etter dei grensene heimelsmannen vår, Osmund Osmundsen, f. 1904, syner oss i 1959. Åkeren må ha fått namnet sitt av at han låg attmed tonngaren. Her er ikkje lenger tradisjon om bruk av tonngaren.

15. Mellstokkå, gnr. 2.

Her har dei på bnr. 7 både tonngaren og gamle tonngaren. Nordaust for dei nåverande gardshusa er eit noko høgare område med bergknausar. Der har gamletunet på Mellstokkå lege, meiner heimelsmannen vår (1959), Mikal Hansen, f. 1877. Husa til foreldra hans stod her. Stovehuset var stort med to store stover og forstova og kjøken med to gråsteinsgruver mellom stovene. Tonngaren låg austanfor dette huset nedover ein dal som går mot sjøen. Tonngaren var eit avgrensa område, og Mikal kan syna grensene. I tonngaren var åker, og der er vister etter to små hus, som hadde vore eldhus etter det dei gamle sa. Gamle tonngaren ligg på same kanten søranom den før nemnde tonngaren, men er ikkje samanhengande med den. Heimelsmannen veit berre om namna og kjenner stadene der dei to tonngarane ligg, men veit ikkje noko om opphavleg bruk.

16. Austrheim, gnr. 7.

I ein avisartikkel i Haugesunds Dagblad 1952 (11/5) om bygdeborg på Austrheim, er ein merknad om at det på garden er ein stad dei gamle kalla tungaren. Forfattaren Lars Svendsen, opplyser at det var nå avlidne bankkasserar Austrheim som fortalde han om tonngaren. Det har ikkje vore mogeleg å få tonngaren påvist av folk som nå bur på garden.

AVALDSNES HERAD

17. Vårå, gnr. 40.

Tonngaren ligg på bnr. 6, eigar (1964) Anders Vårå, og er eit småkupert avgrensa markstykke nordanom husa på dette bruket og på nordsida av gardsvegen Vårå - Austevik og austanom riksvegen. Like nordanom tonngaren ligg tonngarsmyrå, som nå er dyrka. Både dei eldre og dei yngre på staden kjenner namnet tonngaren og veit kor det



Vårå. Tonngaren er den ujamne teigen framom løa t.h. med tonngarsmyrå mellom tonngaren og hesjene i forgrunnen Heilt i forgrunnen riksvegen til Kopervik. I bakgrunnen Bokn.



Tonngaren på Stakkastad. Attom tonngarshuset skimtar me norigarshuset.

er. Det gamle tunet låg i tonngaren, og fleire av dei eldre kan (1953) minnst at det stod hus i tonngaren. Olai Vårå, f. 1870, mintest at det i sjølve tonngaren var to stovehus, to løer og eit eldhus. I 1953 stod ennå to jordkjellarar (potetkjellarar) i tonngaren. Etter det heimelsmennene våre opplyser, rakk det gamle tunet på Vårå lenger sør enn det som i dag er rekna for tonngaren. Stovehuset og gamleløa på bnr. 6 står på sin opphavlege stad og er gamle hus, i løa er innhogge årstalet 1800, og dei ligg ikkje inni tonngaren slik dei nå reknar han. Her finst ingen tradisjon om kva dei bruka tonngaren til.

18. Stakkastad, gnr. 68.

Tunet her var og er i nokon mon ennå eit typisk klyngetun med dei vanlege gamle nemningane på dei einskilte bruk sine hus som «systå», «oppiståvå», og «nor i gar», og jordamennene var nemnde etter desse bruksnamna: «Hans Knut systå», «Gunnar norigar». Eit av namna i tunet var, og er ennå, tonngaren. I tonngaren står og hus, og mannen her

nemner dei på same måten som dei førenemnde: «Knut tonngaren». Ja, huslyden her er jamvel nemnd som «tonngarsfolke», og den brukar det om seg sjølv og, t.d. på basarar; då skriv dei gjerne: «Tonngarsfolket vil ha det» eller noko liknande. Tonngaren ligg til bruk nr. 3, eigar (1964) Knut K. Stakkestad. Spør me etter utstrekning eller avgrensing på tonngaren, meiner dei nå at det er heile jorda, bnr. 3 som er tonngaren, så det er nå vorte bruksnamn på same måte som «systå» og «norigar». Såleis har det visseleg ikkje vore opphavleg; men alt folk i dag kan seia om dette etter det dei eldre i garden har fortalt, er som Ole Jakob Stakkestad, d. 1948, sa det: Det var ein gamal gard for tunet, eller som gamle Karen oppiståvå har fortalt: Dette var den staden i tunet der alle samla seg, og her var det ungane var og leika.

19. Nesheim, gnr. 69.

Husa på garden er frå gammalt samla i eit klyngetun som på grannegarden Stakkastad. Tonngaren ligg i austre utkanten. Engel Nesheim, f. 1859, d. 1950, synte meg tonngaren i 1948, og sønene hans kjenner både namnet og staden; men tonngar-namnet er ikkje vanleg nytta namn i garden lenger. Før heimebøen



Gamalt eldhus i tonngaren på Nesheim

var utskift og åker og eng låg i teigblanding, åtte Knut Nesheim tonngaren; men i utskiftinga vart han lagt til Engel si jord, bnr. 4, som sonen Tandrup nå har. Tonngaren er seinare vorten utskilt som eige stykke og tilhøyrrer Olav Nesheim, ein annan av sønene til Engel. Han har nyare stovehus i tonngaren. Frå gammalt av står det eit eldhus med vegger oppmura av gråstein. Nokon tradisjon finst ikkje lenger om kva dei nytta tonngaren til. Dei gamle sa «borti tonngaren», seier Tandrup.

20. Føre, gnr. 72.

Reinhard Huglen nemner tonngaren i Føre etter opplysning frå Svein Steinsnes som hadde det frå ein eldre mann frå Føre for


lengre tid siden. Tonngaren låg etter dette i eller ved det gamle gardstunet, som låg kring vegkrysset Skjoldavegen - Nesheimsvegen. I 1956 peika ei av dei eldste på garden ut tonngaren for Reinhard Huglen, Ingjald Gjersvik og meg nett på den gamle tunstaden, austanfor Nesheimsvegen. Då eg i 1964 var i Føre att og spurde etter tonngaren, var det ikkje nokon som kunne stadfesta dei ovanfor nemnde opplysningane, så tonngaren i Føre tykkjest vera gått i gløyme i dei siste åra. Det er ingen grunn til å tvila på at dei eldste opplysningane om tonngaren er rette. I Føre har dei huslydnamna «Nigar» (ne'-i-gar') og «Sygar» (sø'-i-gar').

21. Myklebust, gnr. 80.

Tonngaren ligg på bnr. 2, ved skiftesgaren med bnr. 1. Dei gamle fortalde at der låg det gamle tunet, seier heimelsmannen vår, Johannes Kjetland som eig bnr. 2, og der er ennå vister etter hus. Elles veit ikkje folk noko å fortelja om tonngaren.

22. Tuastad, gnr. 82.

Namnet tonngaren er gått i gløyme her; men det må vera det me finn i ei deling og skylddeling på garden i 1873 i det samansette namnet «tungarsholen». Slik er det skrive; men me veit ikkje korleis dei uttala det. Det er likevel all grunn til å tru at dei sa tonngaren her som dei gjorde på Myklebust, som er nærpå grannegard, og på alle dei gardane der namnet lever ennå. Her er skrive at ein skiftestein er nedsett «i vestre rein i Tungarsholen», og derifrå er det i same retning 64 skritt til eit berg i gongvegen til grannegarden Mykjå vestanfor stova hans Ingebrikt, den eine av brukarane. Tungarsholen må her vera namn på ein åker («tonngarshod'l»), sidan rein er graskanten kring ein åker, åkerrein, f. Ordet hol, m, er etter Ivar Åsen «en tør og jevn forhøining i en myr» og er vel kjent og brukt på Tuastad, jamnast i samansetjinga torvhod'l, der dei la torvet ut til turk. Denne åkeren har lege like vestanom tunet, og stova hans Ingebrikt kan då ha lege i tonngaren. Etter dette må tonngaren ha lege i vestre kanten av det gamle tunet på nåverande bnr. 2-3, kommunegarden.



Tonngaren på Vikingstad. I forgrunnen sjoarevegen.

TORVASTAD HERAD

23. Vikingstad, gnr. 5.

Tonngaren er ein avgrensa markateig på nordsida av sjoarevegen gjennom garden. Han ligg i nordre kanten av det gamle tunet der alle husa låg samla føre utskiftinga, fortel Mathias E. Vikingstad i 1963. Der stod eit gamalt stovehus i tonngaren. Dei reiv det for mellom 50 og 60 år sidan. Den siste som budde der, var han Hilje tonngaren, som dei kalla han i dagleg tale. Dei sa at tømmeret til det huset var hogge i Stongomarkje. Det var eit hus av det gamle slaget med berre ei stova, kjøken og gong og eit lite kammers i eit hyrna i gongen, og der var torvsvål og endaskut. Huset hadde hengjetoka («sydvestetak») på baksida. Kor gammalt det var, visste ingen; men det var visseleg frå før 1800. Om bruk av tonngaren er der ingen tradisjon.


24. Storasund, gnr. 18.

Namnet tonngaren er gått i gløyme i tradisjonen, men finst som bruksnamn frå nyare tid på bnr. 42 som er utskilt frå bnr. 2 i 1910. Ved skylddelinga har det nye bruket fått namnet «Tungaren». Slik er det skrive i tingboka. Det må vera tonngaren som i 1910 framleis

har levd i tradisjonen, og det er og brukt på eit eldre gardspapir, fortel heimelsmannen vår, Gudmund Storesund. Det i 1910 utskilte bnr. 42 ligg til sjøen, og det tyder på at tonngaren kan ha lege til sjøen, slik som på Liknes i Åkra. Nede ved sjøen på Storasund finn me dei to underlege namna Vombanakk og Manntalehoien. I ei skylddeling frå 1847 finn me desse namna på Storasund: Halvfjordingane, nore Halvfjordingen, Tolvskillingstykket, Skjensvoll, Neset, Dalen, Tångane, Rindane. I eit dokument frå 1857 er nemnt: Nore og søre Spannsteigen, Krosshaug (gravhaug), Krosshaugstre, Langækrene, Løkjen. Etter matrikkelen er Storasund ein av dei to største gardane i Torvastad, ein 6 punds gard samleis som garden Torvastad. Vikingstad er på 5 pund, Bø 4 ½ pund. Det er grunn til å merka seg at både på Storasund, Vikingstad og Bø finn me tonngar'ar.

25. Bø, gnr. 18.

Tonngaren ligg nordaust for tunet på Bø, i bakken ned mot vatnet. Dei gjekk gjennom tonngaren når dei gjekk til sjøen, sa heimelsmannen vår i 1955, Ole Johnson Bø, f. 1892. Det nye våningshuset til byggmeister Ivar Bøe ligg midt i tonngaren. Dei gamle nytta både namnet Vass-tonngaren og Tuastad-tonngaren. Somme sa og tonngarstre og Tuastad-tre. Eit tridje namn var kalvatre. Samansetjinga med Tuastad-




Bø med tunet på høgda i bakgrunnen. Huset midt på bildet ligg i tonngaren.

namnet skal koma av at tonngaren ein gong i tida var gitt til Tuastad i faddersgåva. For denne tradisjonen finst ein røyneleg bakgrunn; dei skriftlege kjeldene nemner hopehav mellom Bø og Tuastad på 1600-talet: I 1617 eig Per Tuastad $\frac{1}{2}$ pund korn i Bø, og kring 1660 vart Tore Knutson Tuastad gift med enkja etter lensmann Rasmus Hansson Bø. I 1661 er Tore oppført som eigar av fjordeparten, 1 pund og 3 spann, i Bø, og dei mindreårige styksønene hans, Anders og Hans Rasmussøner bur i 1665 på Tuastad. Seinare hopehav mellom Bø og Tuastad er ikkje kjent. Her har me då eit forvitneleg døme på kor lenge ein munnleg tradisjon kan halda seg, og han seier og noko om alderen på tonngaren på Bø. Folk veit ikkje nå å fortelja noko om bruk av tonngaren.

UTSIRA HERAD

26. Kvalvik, gnr. 31.

Tonngaren ligg på bnr. 2. Namnet har levd på folketunga og gjer det ennå, skriv heimelsmannen vår, Thorolf Kvalvik i 1961. Tonngaren



Tonngaren på Kvalvik. 1. Steingar, 2. Bratt bergvegg, 3. «Smitte», ein stad det går an å gå med krøtura. 4. Steinur og kratt, 5. Krøturbeite. 6. Ein stor stein. 7. Tuft eller torvskut, 8. Ein kant som ligg delvis høgare enn jorda framandføre. 9. Bustadhus har vore, 10. Torvskut, 11., 12. og 13. Bustadhus, 14. Løa og fjøs.

(Etter T. Kvalvik).

ligg noko vestom husa på garden og har naturleg avgrensing med bratt bergvegg og ur mot vest og mot den dyrka bøen i aust med ein kant som er noko høgare enn bøen framanfor. I tonngaren ligg tufta etter ein torvskut. «Namnet har levd og lever ennå på folkemunn. Men med dette namnet er det som med så mange, at når det spørst om kva meining namnet kan ha, står ein rådvill», skriv Kvalvik.

27. Klovning, gnr. 30.

Om tonngaren på Klovning, grannegard til Kvalvik, skriv Thorolf Kvalvik at han ligg mellom bnr. 1 og bnr. 4 og er avgrensa til ei lita døld i bakken like utanfor den samla busetjinga på garden. Dei to tonngarane på Utsira har det sams, skriv Kvalvik, at dei ligg utanfor den samla busetjinga, men nær inntil denne. Dette er eit serdrag som me har merkt oss ved dei fleste tonngarane me har funne.


SKÅRE HERAD

35. Ørpetveit, gnr. 2.

Tonngaren ligg på bnr. 3 og er ei sletta nedanfor gardshusa på austsida. Bakken frå husa ned i tonngaren heiter tonngarsbakken, begge namna er framleis nytta på garden. Nokon tradisjon om kva tonngaren var for noko, finst ikkje lenger. I siste krigen bygde dei ei tyskarbarakka i tonngaren, noko av henne står ennå.

28. Tømmerdal, gnr. 4.

Tonngaren er ålment kjent på garden som namn på eit jordstykke på bnr. 7, eigar 1961 Simon Simonson Dalen. Tonngaren er omlag 3 dekar i vidd og er avgrensa i aust, nord og sud med skiftesgjerde mot grannebruk. I vest skrånar tonngaren opp etter bakkehallet mot gardshusa. Stovehuset som er over hundre år, ligg nokså høgt oppe i bakken. Austom det er ein noko skrånande flate før ein kjem til den brattare bakken ned imot tonngaren. Dersom gardshusa har stade på den skrånande flata nedanfor stovehuset, må tonngaren ha strukke seg nedover bakken nedanfor husa ut frå tunet på same måten som tonn-




Tonngaren i Tømmerdal er sletta med besjene og bakkehallet opp til våningshuset.

garen på Eø i Torvastad. Simon Bjørnson, far til den nåverande eigaren, dyrka opp tonngaren. Her finst ingen tradisjon om bruk.

29. Skastad, gnr. 5.

Tonngaren er eit avgrensa stykke mark på i alt eitpar dekar i bakken ovanom husrekkja i tunet og rekk opp til bøgaren i vest. Ein gil frå tunet til bøgaren skifter tonngaren i to. Den øvre parten nemner dei gjerne «Ole Peder-tonngaren» etter ein tidlegare eigar, Ole Peder Johannesson Førre. Denne parten ligg på bnr. 3. Eigar i 1964 er Knut




Tonngaren på Skastad. Gjennom tonngaren går gid'l til bøgaren.

Nesheim. Tonngaren nedanfor gilen er avgrensa nordover mot bnr. 1 med steingar og er utskilt som eige bnr. 15, eigar Magne Nesheim. Her låg det gamle stovehuset på bnr. 3. Namnet er ålment kjent; men folk veit ikkje å fortelja noko om kva dei brukte tonngaren til.

30. Kalland, gnr. 7.

Tonngaren ligg på bnr. 9, eigar 1955 Mandius Kalland, som er heimelsmannen vår, f. 1882. Tonngaren er ein urudd bakke nett nordanom stovehuset hans, men utanfor det gamle tunet som er eit typisk klyngetun. I manns minne låg der to gamle stovehus og ein jordkjellar (potetkjellar) inn til nedre parten av tonngaren, og noko vestanom låg ei gamal løa som dei to brukarane som budde i dei nemnde to stovene, hadde ihop. Alle dei her nemnde husa er borte. Dei var dei eldste husa på garden. Tonngaren har her lege attom, men like inntil det eldste tunet, ser det ut for. Noko tradisjon om bruk finst heller ikkje her.



Tonngaren på Kalland er den innbegna bakken. T.b. gardshusa til Mandius Kalland.



Frå det gamle tunet på Kalland 1955.

31. Kvala, gnr. 22.

På bnr. 1, eigar 1964 Knut Kvale, er ei gamal kjelda som heiter tonngarskjello. Ho ligg i skiftet mellom gardane Kvala og Steinsnes vestanfor riksvegen, og ho hørde til det gamle Kvalatunet. Minnet om tonngaren lever her berre i namnet på den gamle kjelda, som må ha lege i tonngaren. «Tonngaren var liksom vorte namnet på kjello». Dei sa: «ne' me' tonngaren», og meinte «ne' me' kjello», har Reinhard Huglen notert etter Johan Steinsnes, f. 1869.

32. Røvær, gnr. 27.


I utskiftingsforretning på heimebøen i 1829 er skrivet: «. . . hvorimod man i østre part af hjemmemarken fant et markstykke *Tuungården* kaldet, hvor husebyggvåninger stod for denne part af gården, og hvor der var et svinebeite, og hvilket alt ei blev udskiftet da det dels ikke kunde mottage dyrking og dels ei kunde udskiftes uden at nesten enhver af de tre opsiddere med deres folgefolk vilde få deres husevåninger på fremmed grund. Grensene for disse husetomter eller denne tuungård . . .». Og vidare: «. . . Tuungården eller det ved begyndelsen af afsnittet omtalte felles stykke hjemmemark af østre part af gården, der indeholder husetomter og svinebeiter, indesluttet af følgende kredsline der begynder i et korset berg, Stueberget, som ligger på nordvestre side af Tuungården på venstre side 33 skridt i sydvest til Tuungårdsberget / :x: /, bøyer i sydost til syden 23 skridt til et korset berg og sydost til osten 27 skridt til et lignende korset berg, derfra ost nordost til et korset berg østenfor Tuungården og siden 88 skridt langs husevåningenes nordre side tilbake til korset i Stueberget, hvorfra skiftet gikk ud, hvad altså indeholdes inden denne kredsline er felles for de tre gårdens parter, dem nu Endre Mathiassen, Ole Johannesen og Gaut Osmundsen har i bruk, det de har samtlige rett til at bruke alt efter den andel af gården enhver har til afbenyttelse».

Namnet tonngaren er framleis kjent i Røvær, og folk kan syna kor det er. Uttalen er den normale, slik han er elles i Karmsund. Her går det tydeleg fram av utskiftingsforretningen at det var eit stadnamn som utskiftingsmennene gav dansk skriftform då dei sette det i pennen. På spurnad om kva tonngaren er for noko, svara Endre Gautsen (1961) at det er ein «gjid'l», ein reksterveg for buskapen med steingar på baa sider. I 1829 var tonngaren eit større avgrensa jordstykke som skulle vera sameige, der stod gardshusa, og der var eit svinebeite.

BOKN HERAD

33. Hognaland, gnr. 17.

Tonngaren ligg på gnr. 3, eigar 1956 Trygve Laupland. Det er eit avgrensa dyrka stykke jord på austsida av gardshusa og nedsida av postvegen. Namnet er kjent; men ingen veit noko meir om tonngaren,




Hognaland. Tonngaren er sletta med besjene.

og dei veit ikkje om det har stade hus der. På høgda austanfor tonngaren ligg to små runde haugar. Den eine er visseleg ein gravhaug. Få meter frå denne haugen er ei rund røys som og kan vera ein gravhaug.

SKJOLD HERAD

34. Aukland, gnr. 18.

Namnet tonngaren finst ikkje i tradisjonen. Men i utskiftingsforretning i 1826 der heimebøen er skift mellom dei to brukarane Sjur Sjurson og Torbjørn Olson er skrive: «. . i lige linje i sydvest på søndre side av en gammel hevdeveite i Tungården, i en sten hugget x, lige herfra omtrent vest til en såkalt Tungård eller Rudevad, så følger det benevnte tungjerde lige til en stor sten ved enden av tungjerden hugget x, . .». Ola Aukland, f. 1882 på Aukland, har butt på garden all sin dag; men han kjenner ikkje ordet tonngaren. Etter skifteforretningen kunne han peika ut staden då me i 1962 gjekk opp den ovanfor skildra skriftelina. «Tungården» er like ovanom og vestom heimehusa hans på bnr. 4. Den gamle hevdaveita såg me ennå far etter. Ola har lagt henne i holveita. Han visste om den gamle skriftelina som fylgde sørsida av



*Gamal gid'l på Aukland, Skjold.
Toptene - nemnt «tungården» i utskifting 1826 - t.h. der huset står.*

veita. Lina er brigda etter ei seinare utskifting. Staden kallar dei nå toptene (tuftene). Gamlehusa på garden stod her, fortel Ola. Han kan ikkje minnst dei. Her kjem gilen frå utemarka ned. Det er truleg at «tungården» i skifteforretningen er dialektordet tonngaren, som har fått dansk skiftform då namnet skulle setjast i pennen, nett slik som me har sett det i utskiftingane frå Røvær og Tuastad. Utskiftingsmennene på Aukland var alle saman bygdefolk, og me må tru dei har nytta det gamle namnet slik det då ennå var i bruk. Etter at gardshusa vart rivne og flutte, har staden vorte kalla «toptedne», og det gamle namnet er gått i gløyme.

* * *

Det er ikkje mykje det her innsamla materialet kan fortelja om den historiske bakgrunnen til namnet tonngaren. Ei gjennomgåing og samanlikning av materialet gir oss likevel nokre hyttingar; der er einskilte drag som går meir eller mindre att, som er sams for mest alle tonngarane me har funne. Det er slike ting som *uttalen*, og det er *lægjet*,

om b e er det toleg gode opplysningar. Det er og grunn til   merka seg at alle tonngarane me har funne, er *knytte til gamle gardar* som m  vera rudde ikkje seinare enn vikingetid. Og som me alt har nemnt i innleiinga, tykkjest dei fleste tonngarane vera ute i sj bygdene. Nokre f  stader har me og funne opplysningar om kva dei har nytta tonngaren til i seinare tid.

Tonngaren er i Karmsund uttala likt over alt der me har sikker tradisjon om namnet. Det har likt trykk p  b e ordlekkane som sol-str la og regn-vatn. Vokalen i f relekken er uttala som stutt, trong o, n rmast som dialektuttalen av ung, tung, som lydest som «ong», «tong». Konsonanten, n, i f relekken lyder som nn, men nokon stader kan han lyda som ng slik me seier denne ljoden i ung og tung. Heimelsmannen v r p  Utsira, Thorolf Kvalvik, har s leis skrivne *tonngaren* n r han skulle uttrykkja namnet i skrift. «Ukl rt st r det for ein korleis namnet p  grunnlag av uttalen skal skrivast, t.d. om fyrste staving skal skrivast med o eller u, «tong» eller «tun». N rmast f r ein det til at i uttalte lydest det som namnet b r skrivast med to g'ar. I v r uttale vil bokstav u i mange ord jamt lyda som o, tunga vert uttala «tonga» og tung «tong». Bokstav o vert og jamt uttala som  , men i dette h vet vert det likevel ikkje sagt «t nggarden», heller ikkje «tungaren» med trykk p  u'en», skriv Kvalvik.

Etterordet-garen vert uttala med stutt e som er mest samandregen med endekonsonanten; det lyder n rmast som «gar'n». Dei stadene me har funne namnet i skrivne kjelder, er det skrivne «tung rden» eller «tungaren». I dei skrivne kjeldene kan me av samanhengen skyna at det gjeld eit namn som var vanleg brukt p  ein viss stad, med andre ord eit stadnamn; men det m  vera berrsynt at bygdefolket har ikkje sagt «tung rden». Den staden der me har funne dei mest utf rlege og beste skrivne opplysningane, i R v r, lever namnet enn  p  folketunga som *tonngaren*. Det er grunn til   tru at slik uttala dei det og p  Aukland i Skjold, Storasund i Torvastad og Tuastad i Avaldsnes. Sistnemnde stad er skylddelingspapiret, som her er kjelda v r, skrivne av den kjende bygdemannen ordf rar m.m. Simon G. Stave. B de han og dei andre skylddelingsmennene var bygdefolk. Ein av dei, Ola Olsen  sthus, var fr  grannegarden. Det namnet som Simon Stave sette i pennen som «tung rdsholen», kalla visseleg b de han og dei andre

«tonngarshod'l», på same måten som dei i Røvær sa «tonngarsberje» om det namnet som i skiftet i 1829 er innført som «tuungårdsberget». Både utskiftingsmennene i Røvær i 1829 og skylddelingsmennene på Tuastad i 1873 har gått ut i frå at det folk kalla tonngaren, skulle skrivast «tun-gården». Her er i røynda ei *tolking* av namnet: Dei har meint at tonngaren var det same som me vil skriva som *tun-garden*, at med andre ord førelekkjen er det same som vårt ord *tun*. Men nå lyt me merka oss at *tunet* er ikkje vanleg nemning i Karmsund. «I Skjold seier dei ikkje *tunet*, men *garden*, «Ute i garen», seier dei om ute i tunet», seier Ola Aukland, og Thorolf Kvalvik skriv om Utsira: «Ordet *tun* er i den meining (der busetjinga er samla) ikkje brukt i vårt målføre. Er det noko som femner om og vedkjem tunet, er det vanleg at ein seier *hima i garen*». Reinhard Huglen skriv: «Folk seier garen, ikkje tune'; tune' er her snarast for ei litterær nemning å rekna. Det heiter såleis: Him i gar'n, ut i gar'n, på opne gar'n (d.v.s. utan tak over hovudet). Huslydnamni fell jamnast i hop med dette: Opp-i-gar', Ned-i-gar' (Nigar'), Sør-i-gar' (Sygar) o.s.b. I klasse med desse namni kjem tonngaren». Huglen nemner i denne samanhengen eit liknande namn som ein råkar på somme stader som eit reliket slik som tonngaren. Det er «kollgaren», kål-garden, eit jordstykke der dei i gamal tid må ha dyrka kål og andre kjøkenvokstrar. *

Ordet *tun* er indoeuropeisk og er kjent i alle germanske mål. Opphavleg tyder det *gjerde* og er etter kvart gått over til å tyda det som er innanfor gjerdet, det som er inngjerdt. Ordet *gard* har same grunntyding som *tun*: *gjerde* og er og ålment brukt i denne tyding. Her i bygdene seier dei om eit steingjerde at det er ein gar'. Før i tida snakka dei og om ein torvgar', eit gjerde som er opplagt av jord, og austpå har dei skigar'ar. Men *gard* er og vorte namn på det som er inngjerdt, som er innanfor gar'en, og i vidaste tyding er det vorte namn på heile *bøen* innagjerdes, det er *garden*. Den ovanfor nemnde «kollgaren» er eit slikt inngjerdt stykke jord. Her trur eg me lyt søkja tydinga på ordet tonngaren.

Ordet *tun-gard* er vel kjent austanfjells i dei strok to-tunskikken var i

* Namnet kollgaren eller kollgarshåien finst i Skåre på gardane Kalland, Austrheim, Støle, Arabrot, i Torvastad på garden Spanne og som namn på ein holme mellom Feøy og Torvastad, og i Åkra på garden Munkajord.

bruk med folkehusa eller innhusa samla kring eit inntun som dei kalla tungarden. I Vågå i Gudbrandsdal sa dei «tomgaren», fortel Ivar Kleiven, og det må vel koma av eit opphavleg ton-garen. Tun-gard forklårar Ivar Aasen som «gårdsrum, plass mellom husene på en gård, Østlandet sedvanlig i formen «tongar». Om tun skriv Aasen m.a.: — «ellers almindelig søndenfjelds i den avvigende form: ton». Og såleis uttalar dei ordet tun i Telemark, Hallingdal, Setesdal og elles store strok på Austlandet — med trong o, slik uttalen av ordet tonngaren er i Karmsundsbygdene. Slik er og den islandske og færøyske uttalen av tun. Dette samsvarar med den gamalnorske uttalen av u-ljoden. Til kring år 1200 vart den uttala omlag som den nåverande tyske u, den såkalla europeiske u. På 1200-talet må den gamalnorske uttalen av tun ha vore slik det nå lyder i tonngaren. Med kvart utvikla u-ljoden seg til å verta meir spiss, lik vår nåverande u-ljod i *bus*. Siden ordet tun nå ikkje er vanleg i Karmsund, og uttalen, når det vert brukt, her er den litterære med spiss u, kan det vera freistande å gissa på at det gamle reliktnamnet tonngaren som me finn her, er eit relik og når det gjeld uttalen av tun, at det med andre ord er den gamle norske uttalen av dette ordet me finn att i *tonngaren*. Me kjem då fram til den same tolkinga som dei gamle bygdemennene: Tonngaren er det same som tun-garden.

At tonngaren i Karmsund er knytt til tunet, går klårt fram or heile det materialet me har. Dei fleste stadene me har funne han, ligg han litt utanfor eller i utkanten av den nåverande busetjinga og der ho i manns minne har vore. Somme stader er det då vister etter gamle hustuffer i eller ved tonngaren, og folk kan nøkre stader og hugsa at det stod hus der. Nokre gonger finn me og tonngaren som ein avgrensa stad innanfor den gamle busetjinga, inni klyngetunet, og der har butt folk i tonngaren, som då gjerne har fått tonngaren som huslydsnamn i daglegtale. På Vikingstad hadde dei Hilje tonngaren og på Stakkastad Knut tonngaren. I Røvær stod gardshusa til 3 av brukarane i tonngaren, og heimelsmannen på Mellstokkå meiner at gamletunet låg i tonngaren. Me kan likevel ikkje med stønad i det tradisjonsstoffet me har og dei få skrivne kjeldene avgjera at tonngaren var sjølvve tunet, heller ikkje at det var noko som tilsvara tungarden, inntunet, austanfjells. På den andre sida kan me heller ikkje avvise den tanken at tonngaren *opphavleg* har

vore identisk med den innhegna busetjinga, med tunet. At den ålmenne nemninga ikkje nå lenger er tunet, men *garen* fører tanken inn på den vegen. Garen som nemning på busetjinga, tunet, skulle då vera ei avstutting av eit opphavleg tonngaren, tun-garden. Men somme stader har namnet tonngaren levd vidare i tradisjonen som eit namn på ein stad i eller ved tunet, og som det ålment er med stadnamn, har det her og halde seg lengst på folketunga der tonngaren har vore nytta til noko, slik at dei til dagleg har hatt bruk for namnet.

Kva tonngaren har vore nytta til, kva han var for noko dei stadene der me ennå finn han, veit folk lite eller inkje om i dag. I utskiftinga på Aukland i 1826 står det «en såkaldet tungård eller rudevad». Me skulle gjerne visst kva rudevad var; men dette ordet har me ikkje funne korkje i ordbøkene eller i bygdemåla. I den etterfylgjande teksten i utskiftingsforretningen: «så følger det benevnte tungjerde», lyt ordet tungjerde peika attende på «tungård», for noko tungjerde som det kan peika attende på, finst ikkje i teksten. Er dette den rette samanhengen, så tyder «tungård» her eit gjerde, ein steingar'. Men uttrykka «en gammel hevdeveite i tungården» og «en såkaldet tungård» fortel at det må vera eit namn som då var i bruk som namn på nett denne staden på garden. Av det førstnemnde ser me at det var ein avgrensa stad som det rann ei hevdaveita gjennom, med andre ord ei veita frå hevdadungen eller hevdaskuten i tunet. I øvre kanten av den staden dei nå kallar «toptedne», der gamlehusa stod, og tonngaren har lege, er der ennå ein stor gil med steingarar på båe sider. Gilen må ha munna ut i tonngaren, slik som på Dale i Skudenes, og som der tykkjest ha vore i Røvær.

I utskiftinga i Røvær for 135 år sidan er det opplyst at husavåningane for den eine parten av garden stod i tonngaren; men ikkje alle husa på garden stod der. Me får og vita at der var svinabeite i tonngaren, og at tonngaren var til sams bruk for brukarane på garden frå gamalt av. Ved utskiftinga fann dei at det var ikkje råd å gjera noko brigde i det. Det som levde att av tradisjon om tonngaren i Røvær meir enn hundre år seinare, var berre at tonngaren var ein gil, ein inngjerd kretturveg. På Sør-Karmøy, der tradisjonen om tonngaren har halde seg best, var der både på Dale og grannegarden Tjøsheim opplysningar om at dei har hatt grisene gåande i tonngaren. Båe stadene ser grisabeite i tonngaren ut til å vera sams for alle i garden. På Dale tykkjest dei jamvel


ha hatt ein gamal samarbeiteregul; konene i garden har i manns minne avtala ein fast dag som alle skulle sleppa grisene i tonngaren. På Syre var tonngaren sams for garden føre utskiftinga, og brukarane i garden let øykene gå på beite der i matyktene. På Bø i Torvastad hadde dei og namnet *tre* (trede) på tonngaren. Det er her i bygdene eit vanleg namn på eit betre innagjerdes heimebeite. At dei på Bø og brukte namnet kalvatre, fortel at tonngaren har vore brukt til beite for kalvane. På Dale i Skudenes er der ein stad dei kallar kalvahagen i nærleiken til tonngaren. (Sjå ill. side 16).

At dei hadde husdyr — griser, kalvar og hestar gåande i tonngaren, er det einaste kjeldene våre kan fortelja om bruken. Denne måten å bruka tonngaren samsvarar fullt ut med den tolking Hans Ross gir av ordet *tungard* i Norsk Ordbok (1895) som «indgjerdet plass nær gårdsrummet til at slippe hester og andet fe ind på til kortvarig gresning». Ross seier ikkje kor han har dette frå. Som me ser, høver det slett ikkje på tungården eller «tomgar'n» i det austnorske to-tunsystemet; for der var tungården «folketunet» i motsetnad til «nautgar'n» som låg i uttunet. Men tolkinga til Ross er heilt i tråd med det me nå veit om tonngaren i Karmsund.

På Voss finst namnet tungården uttala med tydeleg spiss u-ljod og der nytta på ein noko annan måte, opplyser konservator Ivar Skre. Der var tungården eit innhegna stykke på stølen der høyløene stod. Dette likjest meir på den færøyske *hoygardur*, eit jordstykke innhegna med steingar attmed fjaset, der dei hadde høystakkane ståande. Her hjå oss kjenner me både frå mellomalderkjelder og seinare at dei hadde kornstakkar ståande ein innhegna stad i tunet, *hjalmgard*; men kjeldene våre kan ikkje fortelja om tonngaren var nytta til noko slikt. Slik me kjennar han, er tonngaren vel og alt for stor til slikt bruk. Han kan vera opp i fleire dekar. I Tømmerdal er han kring 3 dekar, og vanleg storleik tykkjest vera frå 1 til 2 dekar. I form rettar tonngaren seg mykje godt etter lendet og er oftast naturleg avgrensa med berg og brot der det er lageleg.

Når det gjeld alder har me alt nemnt at målforma set han langt attende i tid. På Bø i Torvastad var der som me såg, tradisjon som jamført med skrivne kjelder går attende til 1600-talet. På Mellstokkå i Stangaland, der det er to tonngarar, kallar dei den eine for gamle

tonngaren, og han må då vera eldre enn den andre, der det finst hustuffer og tradisjon om hus. Me vil og peika på at me kan finna alderdomelege namn og minne om utgamle skikkar attmed tonngaren.



«'an go'far», ved stølsvegen ovanfor tonngaren på Sandve, som fekk mjølk når dei kom frå stølen.

Attmed tonngaren på Sandve i Skudenes ligg 'an gofar som dei aldri måtte glyøma å gi mjølke-dropan når dei kom frå stølen. Ved Sandhåland ligg «gongaresteid'n» eller tonngarsteid'n. På Stava ligg ein stein dei kalla «smørfat» ved tonngaren. Attmed nokre av tonngarane finst der fornminne som på Ferkingstad og Risdal. Ikkje noko av dette som her er nemnt — med undantak av det som er sagt om tonngaren på Bø — seier oss alderen på tonn-

garen i Karmsund; men det stør den tanken me alt gjorde oss då me hadde føre oss sjølve namnet, at tonngaren kan skriva seg frå gamalnorsk tid. Om me ikkje har funne noko visst svar korkje om alderen eller kva dei opphavleg har nytta tonngaren til, så gir likevel materialet i seg sjølv eit tilskot til saga om det gamle gardssamfunnet og hjelper til å setja farge på biletet av det.

* * *

Etter at manuskriptet var sendt til prenting og oppsett, har eg fått kjennskap til at *ytre* og *indre tonngaren* er oppskrive som stadnamn på garden Fedjedal, gnr. 3 i Skåre, i ei namnelista som var innsamla ved professor Gustav Indrebø gjennom skulane i Skåre kring 1935. Fedjedal er grannegard til Tømmerdal og Ørpetveit som båe har tonngar'ar, og er omtala i artikkelen under nr. 28 og 35.